



Trafikken gjennom sentrum er stor og aukande

**No kan vi ikkje godta dette lenger. Eller må det ei alvorleg ulukke til før noko skjer? Det skriv Inger Lise Eidsvik med fleire i eit lesarinnlegg om vanvittig køyring gjennom sentrum av Uskedalen, Innlegget spør om det ikkje er nokon som kanta tak i og gjera noko med denne køyringa, Mange turistar er innom butikken hennar men ingen kan forstå at det kan vera slik køyring i ei 50-sone.**

Det går skuleborn kvar dag,men gangfeltet sluttar ved Gros Blomster. i tillegg er det eit farleg kryss ved brua. Fartsgrensa rundt dalen er 80 og det er nesten ikkje mogeleg korkje for turistar eller andre å gå på tur eller sykla der Eidsvik og dei andre meiner det bør komma fartsdumpar og gangfelt som i andre bygder.

Mange kommenterar og dei store traktorane med stein som susar gjennom sentrum og Eidsvik har opplevd at stein har ramla på trappa. Dei fleste køyrar i over 50 kilometer, meiner Eidsvik. På Rød er det kome fleire nye hus og mange born som skal krysse vegen og der er det også ein farleg strrekning. Det er ikkje lett å koma ut frå Ospelunden boligfelt korkje for bilistar eller gåande.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen